

Fylkesvise midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak

Fylkesmannen forvaltar midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak (UTM). Tilskotet skal bidra til auka matproduksjon, utvikling og modernisering av det tradisjonelle landbruket og utvikling av andre landbruksbaserte næringar. Tiltak som gjeld utvikling av økologisk landbruk, kan også få tilskot av UT-midlane.

Kven kan søke?

- ✓ Organisasjonar
- ✓ Institusjonar
- ✓ Kommunar
- ✓ Ulike former for samarbeidsorgan, hovudsakleg innanfor landbruket.

Kva kan midlane brukast til?

Prosjekt som bygger opp under satsingar innan tradisjonelt landbruk eller på andre landbruksbaserte næringar som er i samsvar med regionale satsingsområde

Prosjekt som gir optimisme og framtidstru blant aktive næringsutøvarar i landbruket.

Kompetanseutvikling retta mot landbruksbaserte grupper, fagmiljø eller klynger. Dette inkluderer prosjekt innan blant anna: Inn på Tunet, reiseliv, lokalmat, frukt, bioenergi, juletre, jakt og fiske, utmark og hest.

I nokre tilfelle kan både UTM og tilskot over Klima- og miljøprogrammet vere aktuelt. Dersom du er i tvil om kvar søknaden passar inn, så sende saka inn som UTM

Korleis?

Søknad skal leverast elektronisk. Søknadsskjema finn du på Fylkesmannen si nettsida under Landbruk og mat/ næringsutvikling på høyre sida i menyen «søk om utgreiings- og tilretteleggingsmidlar»

Søknadsfristen i 2019 er 1. mai

Kriterium ved vurdering av søknader:

Vi viser til Regionalt Næringsprogram for Møre og Romsdal

Det gis ikkje tilskot til:

- ✓ Prosjekt i driftsfase
- ✓ Investeringstiltak og bedriftsutvikling på enkeltbruk eller grupper av enkeltbruk.

Støtnadsnivå Støtnadsnivået er normalt 50% av godkjend kostnadsoverslag. I særlege tilfelle kan støtnadsnivået vere inntil 75%. Det betyr at 50 % (25%) av kostnadsoverslaget må dekkast av egne midlar. Eigenfinansieringa kan vere i form av egne midlar eller eigeninnsats, eventuelt ein kombinasjon av desse to.

Anna

✓ Gjeld tiltaket fagmøte, kurs, studieturar etc., viser vi til Møre og Romsdal fylkeskommune sin tilskotsordning «Rekruttering og kompetanseheving».

✓ Gjeld tiltaket investering og bedriftsutvikling på gardsnivå, viser vi til Innovasjon Norge Møre og Romsdal